



Forvaltningskomiteen på synfaring av naustet til Kjærland i føremiddag.

**Gunnar (87) og Edit Kjærland møtte velvilje frå eit fleirtal av politikarane i forvaltningskomiteen i dag. Med 6 mot 2 røystar (Venstre og Sosialistisk Venstreparti) gjekk komiteen inn for å gje dispensasjon til fradeling av naustet deira frå eigedomen som dei skal selja. Naustet ligg i elveosen. Men saka er ikkje avgjort - ho går vidare til fylkesmannen.**



Kjærland orienterar komiteen ved naustet.

Mindretalet røysta for rådmannens innstilling som gjekk i mot fordi dette er LNF-område og fordi det er forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag i gjeldande kommuneplan. Fleirtalet røysta for Kjærland sitt eige forslag der det blir vist til særlege grunnar for å gje dispensasjon.



Kjærland orienterar Tove Lill Lakselv (Frp) og Øyvind Hardeland (Ap).

Ein særleg grunn er at forvaltningskomiteen i 1993 og 1996 gav løyve til oppføring av naust både på den aktuelle eigedommen og ein eigedom like ved. Grunngevinga var at området vart rekna som tettbygd strøk slik at forbod om byggjing i 100-metersbeltet ikkje vart gjeldande. Dispensasjonen vil retta opp den innebygde feilen i kommuneplanen av 2003 ved at

det utegløynde naustet til Kjærland frå 1996 no vil verta frådelt som eiga nausttomt og rekna med i naustføremål i planen.

Det vert også peika på at frådelling ikkje vil endre tilgjenge for allmenta sidan naust er bygd og dispensasjon her vil ikkje skape presedens for andre.

Det var ingen debatt om saka i komiteen, der Tove Lill Lakselv frå Framstegspartiet fremma forslaget frå Kjærland.

Før behandlinga orienterte han grundig om sitt syn under ei synfaring ved naustet. Der minte han mellom anna om at han i samråd med NVE har gjort førebyggjing mot elveflaum til vern for alle 4 nausta i området.

Utan dette kunne dei andre nausta vorte skada i dei seinare åra, påpeika han.

Formannskapsmedlem Torfinn Myklebust (IP) hadde på førehand sendt eit brev til komiteen der han stilte dette spørsmålet:

- Dei andre nausta i området er frådelt hovudeigedommane. Kvifor kan ikkje Gunar Kjærland få høve til å gjera det same?

Myklebust innrømte som medlem av kommuneplannemnda at han hadde gjort ein feil. Området på Eikesida av elva vart delt mellom eit naustområde og eit LNF-område der Kjærland sitt naust uheldigvis vart med i det siste.

- Vi tenkte for lite, skreiv Myklebust.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen